Sinklar-Soga



Forord til den elektroniske udgave

Dette verk av **Andreas Austlid** (1851-1926) er digitalisert i mars 2009 av Nasjonalbiblioteket i Oslo og tilpasset for Projekt Runeberg i mars 2015 av Ralph E.

2lrt6reas 2lustli5

Sint lar^Soga

(Dslo

-Bofreiöar: Bertranö 3ensen 1899S. & Jul. Sørensens prenteverk-fortale.

I 1871 kom eg upp i øvre Gudbrandsdalen — skulde vera lærar — og fann desse forteljingarne like friske paa folketunga. Sidan saag eg at presten P. A. Krag hadde samla dei i ei liti bok alt i fyrtiaarom. Det var eit gasta arbeid paa si vis; han hadde granska segnerne strengt og drege ut det rimelege til alle leier. Men nokor folkebok var det ikkje; han hadde visst ikkje tenkt helder paa det. For daa maatte ein stella seg sjølv meir attum og lata forteljingarne tala, — og ikkje leggja dei ut paa bleikjevoll til lærd gransking. Og dette »snakkesalige« boksproke er daa helder ikkje skapt til aa herma norske bondeord; dei taper daam og dæme og alt liv.

Daa skaut den tanken upp i meg aa byggja ei soga av dette livande vyrkje, nett som fedrarne vaare gjorde i gamle dagar, baade her og paa Island. Men eg maatte vara meg for tilskaping. So bruka eg borni til prøveklut. Og no vart Krag god aa hava; eg saag upp til honom som kjelda.

Soleis sette eg daa saman denne soga — for 20 aar sidan — paa godt-som gudbrandsdals-maal. Ein venen min prenta nokre hundrad og spreidde, mest der i dalen. Ho kom ikkje i bokhandelen.

No kjem ho paa reint landsmaal. Men ord og vendingar hev eg framleis laant av dei gamle i dalen. Og her maa eg faa nemna tvo av dei: Ola Kvaale i Lom og Ivar Blekastad paa Sell. Dei var meistergubbar til aa fortelja.Di eine gav meg full greia paa lomværerne, og den andre foalde um slage i Kringum so livande, at eg tykte eg saç det.

Eg tenkjer tidi vert meir lagleg for denne slags lesnad no Serleg vil ungdomen, som søkjer sterkt fram, hava gagn avaa sjaa attende og suga styrkje av det som var, baade de ljose og myrke.

Dette hender i ei myrk tid — ei folkenatt vil mange kai det. Og det er ikkje vondt aa finna skuggarne her. Mi likevel — at slikt noko kunde henda daa, i ein avsides da og berast fram av berre bønder, det gjev voner um eir dag.

Difor vigsla eg og denne vesle boki til Kristofer Bruun — han som kom med verkeleg morgo-sol til dalen — og skiiv:

Her er det gjævaste minne som Gudbrands søner hev aatt; fuglarne kvitrar her inne og syng um det du hev spaatt.

Hardanger i februar 1899.

A. A.I.

Me laag under Danmark, daa denne soga hender. Me hadde kanta i koll og laag sov. Me gjorde eit og anna

sprette, som synte at der var liv — og eit slikt sprett er denne soga.

I gamle dagar var det onnorleis. Daa var nordmennerne vakne; dei var namnspurde yver den halve verdi. Det tedde kjølfare etter dei, og folk maatte stira paa dei, — som vaare gamle sogor fortel um den dag i dag.

— Dei for aat Frankrikje og skræmde mest vite av baade folk og konge. Der laut dei faa eit rikje aa raada yver, og kalla det Nordmandie.

Dei kom aat Italia og berga paven og fekk eit rikje der.

Dei for vest yver have aat Færøyom og Orkenøyom og sette seg fast der.

Dei for lenger i vest og bygde Island. Dei for lenger imot vest og fann Grønland og bygde det. Dei for endaa lenger, — daa fann dei Amerika.

Dei kom aat England og lagde under seg eit rikje, som heiter Nordhumberland; der raaddedei lengje. Sidan spøkte det med at dei skulde taka heile England. Og Viljam nordmanner tok det, og hans ætt sit paa kongs-sæte der endaa.

Dei for aat Rusland og vart hovdingar og megtuge menner. Dei kom aat Konstantinopel og fekk velde yver heren i det store kjeisar-rikje; der vart dei so megtuge at kjeisaren skalv for aa hava dei, men han vaaga ikkje aa lata dei fara helder.

Dei gjorde ei ferd aat Jerusalem, og for attende gjenom Europa, og for fram so storfelt, at det er som eit eventyr aa lesa; og folke i sud-landom hadde ikkje set maken til ei slik ferd.

Soleis for dei paa sjø og land og gjorde veg etter seg som lyste i mange hundrad aar. Det kom sendemenner radt ifraa Spania og bad ei norsk kongsdotter um ho vilde koma og standa brud i det spanske kongehus.

Men so tok dei til aa slaast seg imillom; og daa gjekk det hol paa liv-aadri. I yver tvo hundrad aar heldt dei paa og auste ut sitt eige blod, som soga vaar fortel um. Og lande vart so bleikt og avsnøydt etter alle desse ufreds-ridom. So kom Svarte-dauden; og han liksom sopa etter med ein brei kvost og tok det siste. Sume segjer at han tok tridje parten av landsens folk; men mange fleire hev sagt at han tok tvo tridjepartar, og at det var tridje parten som varatt. Og det er det rimelegaste. For daa dauden kom, var det godt i million menneskje her i lande. Men daa denne soga hender, var det berre V2 million; og det er mykje yver 200 aar etter. Han stod paa berre vel so eit par aar; men det var nok knapt noko land i heile Europa som leid slikt som Noreg.

Nede i sud-landom hev dei funne eit munkevers fraa den tid; det er umskrive paa dansk og segjer:

»Et tusind, tre hundrede og femti angiver dødens tid. Medens Den sorte død herskede paa verdens kreds, gik en trediedel af menneskene til Herren.«

— Ei stund etterpaa seig me inn under Danmark.

So laag me og saug paa labben. Det er radt vondt aa lesa um det, soleis som me vart hundsa. Me ber merkje etter det den dag i dag. — Kongarne vaare sat i Danmark, det var som eit hende at dei saag hit upp. Men dei sende upp her desse graadige adelsmennerne sine, sume var danske og sume tyske. Og dei styrde oss — so at maken til styre hev det norske folke aldri havt. Men dei hadde det ikkje likare danskefolke helder. Det var den megtuge adelen som raadde, — ein liten flokk med menneskje, som meinte at dei var fødde med reinare blod i aadrom en alle andre.II.

So kjem det ein konge, som heiter Kristian den 4de. Han tek det paa ei onnor vis. Fyrst skal me høyra ei segn um den kongen og ein megtug adelsmann, Kristofer Rosenkrans.

Rosenkrans gjekk til ei enkja og kravde henne og sa: »Daa mannen din livde, laante eg honom 5000 dalar; men no maa eg hava dei att straks.« Men ho visste seg trygg paa at dette ikkje var sant, og sa det. Daa drog han fram eit gjeldspapir; og der stod 5000 og namne aat mannen hennar; det var livs livande, som han skulde sett det der sjølv. Ho vart dømd til aa greia ut pengarne. Daa ho kom i slik naud, gjekk ho til kongen. Han talar med

Rosenkrans, og spyr honom ut i krok og i ring, men kjem ingen veg. »Kan eg daa faa sjaa papire?« segjer kongen. — »Hjarteleg gjerne,« segjer Rosenkrants. Kongen ser paa det lengje. Tilslutt held han det upp imot ljose. Daa fær han sjaa vatsmerkje inni papire, og der stod namne aat honom som hadde gjort det. Men fabrikken hans var bygd mange aar etter at dette gjeldsbreve var skrive. Under-skrifti var falsk. Og no laut Rosenkrans standa til.

Adelsmennerne gjorde eit svare uppstyr; dei vilde berga Rosenkrans. Men det hjelpte ikkje trugsmaal elder bøner. Kongen stod fastog dømde honom til aa døy. Og skarven miste live.

Anders Grein var ein adelsmann av norsk ætt, og ein dugande kar. Han gifte seg med ei som ikkje var av adel. No vart det eit rop paa alle dei andre: han skulde støytast ut; for han hadde blanda ureint blod inn i adelen. Men kongen løyste knuten. Ho vart adla, og han vart styrar yver Noreg. Og borni deira skulde vera adelsmenner so fort dei kom.

Kong Kristian var uppe her 50 gonger med han styrde. Han heldt eit ting i Bergen, som vart namnspurt. Daa sette han av mest alle domarar som fanst i lande. Nokre faa fekk vera att, som han visste ikkje misbruka magti si.

Det var hardaar ofte. Men kongen syrgde for korn. Han tvinga dei danske handelsmen-nerne til aa senda oss korne for godt kjøp og etter faste prisar; og so gav han etter all toll og avgift.

Eingong han for her kalla han seg kaptein Kristian Fredriksson. Han vilde vera ukjend og hadde sett streng straff for den som fortalde kven han var. Daa siglde han rundt lande og radt inn i Kvite-have. Der var han paa og skulde drepe seg; skipe støytte paa berg. Daa han kom att, var han innum Vardehus-festningi, og dei kjende honom ikkje. Men daa han kom ut paa sjøen, fekk dei vita at det var kongen. Dei tok ei kanona og smellte beint paa stor-mastri paa kongs-skipe, so toppen rauk av; og han laut venda attende aat dei. Men ein slik liten spøk lika Kong Kristian. Midsumar leite kom han inn til Bergen. Der gjorde dei lag for honom; det gjekk so friskt til, at rutorne dansa or glasom.

Andre gonger for han umkring millom bøndom, og lydde paa klagor og sette av futar og embættesmenner som saug ut folke. Og so var han i veitsla hjaa dei; han sat med i brudlaup og gravøl og prata med folke — og leika seg med gjentom og drakk. — Men her glaar det inn paa den svarte flekken hans: han var usedug og kjær etter kvende.

Det er faae kongar som ikkje hev flekk her. —

Men ingen af Oldenborgarkongarne var so folkekjær som Kristian den 4de.

III.

I Sverikje raadde ein konge heitte Karl den gde. Det var ein djerv, krigshuga kar, men han var gamal no.

Danskekongen og svenskekongen hadde stirt skjeivt paa einannan lengje. So fekk kong Kristian fat paa eit nytt kart yver rikje sitt;han hadde fenge det ifraa sudlandom. Men daa han bar til aa sjaa etter, var Noreg ihop-skrokke slikt, at mest all den nørdre luten var teken fraa honom og lagd attaat Sverikje. Og det var nok ikkje berre paa papire at detta var gjort. Han fekk nyss um det, at den svenske kongen kalla seg »kung öfver finnar och lappar« og at han sende ut skattekrevjarar, som for hardt fram mot dei stakkars fatige folkorn.

Dette tolde ikkje kong Kristian. Vaaren 1611 bles han i krigsluren. Bode kom aat Noreg, daa laag snjoen yver alle marker. Alt ungt mannskap skulde ned og slaast med svensken. Nordmennerne gjorde seg ferdige, og for so fort dei vann; dei var 12000 mann. Men han hadde samla 20 000 mann i Danmark. Og so rauk han paa Sverikje.

Han tok Kalmar i ein einaste rykk. Det er ein stad og ei festning inne i Sverikje. Og etter det vart denne krigen heitande Kalmarkrigen. Det stod paa i tvo aar.

No skriv Karl den 9de eit brev til kong Kristian. Han er rasande. Han segjer: »Kom du kar, og møt meg i holmgang, so skal me gjera det av paa gamal vis — dersom du torer! Tak med deg tvo karar; og eg skal møta deg utan hjelm og utan brynja, med berre sverd og ein Ier-kjole um live. Dette vilkore byd eg deg. Men torer du

ikkje, so vil egikkje kalla deg konge; eg vil ikkje vyra deg som ein bra soldat eingong!«

Kristian svara med grov spott. Han segjer: »Det maa vera hundedagarne som hev fortulla den stakkars heilen din. For det veit daa alle, at du er gamal og skral. No hev du visst betre av aa sitja bak omnen en aa skifta hogg med ein mann.«

Straks etter dette døydde Karl den 9de. Men han hadde ein son heitte Gustav Adolf. Han var berre 17 aar; han steig paa kongsstolen og tok styre yver Sverikje.

Og Noreg fekk fyrste støyten. Jamteland og Herjedalen hadde vore norske fraa dei eldste tider, — det var tvo store skogbygder, som laag tett innpaa Sverikje. Men no kom svenskarne med ein her og tok dei. Og ei stund etter kom dei heilt attaat Sverikje.

Gustav Adolf vilde gjera seg til vens med nordmennerne. Um vaaren 1612 skreiv han eit ope brev til dei; han segjer: »Danskekongen veid heile ulukka. Hadde det endaa vore mot paven og slarke hans eg fører krig; elder mot heidningar og avgudsdyrkarar! Men her held me paa og slæst, rikje mot rikje og folk mot folk, som hev same kristendom og same tru til Gud! Og Noreg er skilt fraa Danmark med baade vatn og hav. Men daa Gud skapte alle ting, so skapte han Noreg og lagde det jamsides med Sverikje. Noreg er i slegt med oss baadei lover og skikkjer; men ikkje med Danmark og andre land. Og no maa Noreg koma aat oss og standa sida um sida med Sverikje.«

Men nordmennerne vyrde ikkje breve. Det hadde vore ein krig ei stund fyrr, som dei kalla sjauaars-krigen. Og daa hadde svenskarne brent upp Oslo og Hamar og Sarpsborg, og fare so stygt at med domkyrkjom vaare baade i Trondheim og paa Hamar, at svenskehate brann i kvar ei bringa. »Svenskeradde« var eit stygt fantord; aa »gjera svenske av seg« var det same som aa vera ein skarv.

Den gongen visste dei ikkje av korkje eksis elder eksis-plass elder mundering eller noko slikt. Det var ikkje i bruk endaa; det kom 30 aar seinare. Men dei dreiv det paa den gamle maaten. Naar kongen baud ut til krig, so lagde dei i skreppa si og sola uppatt skorne sine og klædde seg godt; og so tok dei med seg det vaapne dei hadde, anten det no var gjevær elder sverd elder øks. Men det hadde ikkje lenger det lage som i gamle dagar. Ungdomen hadde slutta med aa øva seg heime i bygdom; og daa var dei vorte stinne og stive. Naar dei so kom aat krigen, var dei ikkje stort tess.

Daa fann kongarne paa den skikken, at dei leigde krigsfolk fraa framande land for pengar. Dei kom mesta ifra Skottland og Nord-Tyskland. I Skottland var det smaatt um mat, men sterke,hardføre gutar. So tok dei ut og skulde føda seg, og gjorde krigen til handverk. Dei leigde seg burt aat den som gav mest; dei slost for aa liva og livde for aa slaast; dei slost best, naar det var mykje aa røva. Gud hjelpe det lande som vart fyre desse leigesveinom — dei for fram som ulvar!

Aat slike folk tydde Gustav Adolf no.

IV.

Det var ein svensk overst, som heitte Johan Munkhaven; han for ikring og leigde krigsfolk aat kongen sin. Han var komen til Skottland; og der raaka han ein skotte, som heitte Georg Sinklar; han med var overst. Desse tvo slo seg saman. Og sidan for dei ikring i kross og krok og leigde.

No vilde Munkhaven heim, og drog i hop det folke han hadde fenge. Men meiningi var, at Sinklar skulde koma etter med meir.

So for Munkhaven. Han hadde eit fylgje paa 1400. Det var ikring midsumar leite 1612 han kom yver sjoen. Han skulde til Sverikje; men sjø-vegen var full med danske skip og faarleg aa fara. Da styrde han beint paa Noreg og vilde slaa seg beinveg. Han for inn gjenom— 15 —

Trondheims-fjorden. Daa han kom aat Trond, heim, gjekk han paa staden. Han tenkte han skulde skræmt folke og gjort eit kaup. Men bymennerne tok imot honom so kvast, at han var glad han kom seg der ifraa. Han tok til

lands inne i Stjørdalen. Lensherren som raadde i desse bygdom heitte Steen Bilde; det var ein dansk adelsmann. Og han høyrde um fienden som for, og — sat roleg. Bønderne var tri gonger so mannsterke, men dei vanta hovding. Og Munkhaven og dei 1400 for fram, herja og brende og hadde fred. Paa slik vis kom dei inn i Herjedalen og Jamteland og sidan aat Sverikje, og er ute or denne soga.

Daa kong Kristian fekk høyra dette, sende han bod paa Steen Bilde. Men Steen Bilde torde ikkje koma. Han hadde ein bror i Danmark, og skreiv til honom og bad honom møta og forsvara seg. Og broren møtte, men bad berre um naade. Steen Bilde vart dømd soleis: han skulde missa embætte sitt i Noreg; han skulde fara ut or »kongens riger og lande« og vera fredlaus i 3 aar; daa skulde han fara til ein framand konge som hadde ufred, og ganga i krigstenest der — og tena upp att æra si; og naar han kom heim, skulde han leggja fram brev paa at han so hadde gjort.

Men Steen Bilde for ned aat ein av venom sine i Danmark og gjøymde seg og livde vel.Men kongen fann honom att og sette honom i fengsel; der sat han og spektest i mange aar.

V.

So er det Sinklar. Han var adelsmann og av stor ætt, men lausunge. Straks fyrr han for heiman gjorde han det niddingsverke, at han snikte seg paa ein lord og fanga honom, endaa han og lorden var skylde. Men lorden hadde ein uven, og Sinklar hadde leigt seg burt for pengar til aa gjera det.

No kjem han med tvo skip og styrer beint paa Romsdalen. Sinklarvisa segjer:

»Ham fulgte fjorten hundrede mand, som alle havde ondt i sinde«.

Det er reint for mange. Men kallsboki paa Vaagaa segjer, at »han kom med 900 mand

--«. Dølerne segjer det same. — Det var

like eins med honom som med Munkhaven, han leit seg ikkje paa sjøvegen; men Noreg laag nake og verjelaust, og der var det ei smal sak aa slaa seg fram. No vilde han upp igje-nom Romsdalen og sidan ut yver Gudbrandsdalen; so ned aat Mjøsi og flatbygdom, og derfraa inn i Sverikje.— i7 —

Han var i land paa ei liti øy ytst ute. Der budde ein riking, kona hans var gløggtenkt og urædd; ho tok imot Sinklar. Han gav seg i tale med henne og var lentug og kvat. Han fortalde ikkje kven han var. Men ho sa ho skyna nok kva han for etter, baade han og folke hans. »Men venta, til du kjem i kast med dølom, skal du faa bøygja nakken og kyssa torva,« sa ho. Daa vart Sinklar sint. Han gjorde henne ingen ting, men han svor at naar han hadde vunne lande, skulde han koma att og hogga henne i stykkje.

So for han inn Romsdalsfjorden. Dette var den 19de august 1612, paa ein onsdag.

Daa dei kom inn i fjorden, sat det ein bonde i ein baat og fiska; og ei liti gjenta sat med aarom og andøvde. Det var Ivar Helland fraa Vestnes og den vesle dotter hans. Skottarne haka til seg baaten og tok dei upp paa skipe. Gjenta gret. So gav dei henne ei sylv-fingerbjør og ei soks med handtak av sylv, og sette henne ned i baaten og sende henne til lands. Gjenta kom vel heim, og det ho hadde fenge vart gjøymt og framsynt lengje etter.

No tok dei Ivar Helland til aa styra. Dei baud, at han skulde styra dei beint inn til Romsdals-nese. Der endar fjorden; og der tek den faste vegen til, som gjeng upp aat Gudbrandsdalen. Men daa dei kom so langt at det er att berre ein fjorung, so ligg der ein

2 — Sinklar-Soga.gard paa vinstre handi, som heiter Klognes. Mannen heitte Per. Han vart var skipe og tenkte det var korn-skip. No var han kornlaus. Dermed tok han pungen, som det var tri danske dalar i, og rodde utpaa. Daa han kom ut til dei, saag han straks at det var ikkje korn-skip. No segjer Ivar, at han er ikkje kjend lenger; i alle fall vaagar ikkje han aa sigla lenger med so store skip. So slepte dei honom, gav honom ei liti løn for umaken, og tok fat paa Per. Per tenkte seg kvast um, og so segjer han: »Det er uraad og livs spille for folk og skip aa fara lenger.« Sinklar beit paa kroken og bad honom aa styra til lands. Daa sette han dei inn paa ein hamar tett med garden sin. Sidan vart dette stelle heitande Skotte-hamaren; sume kallar det Skotte-kleivi.

VI.

No skulde Per vera med og syna veg» Dei knytte eit snøre i det lange haare hans og taumkjøyrde honom fyre seg. Han bad so fint um aa faa sjaa heim som aller snøggaste; og daa han hadde bede um det mange gonger,, fekk han lov. Men det fylgde med honom vakt. Daa stillte han seg til og skreiv nokreord, at fienden var komen, og bad folke reisa seg. Det er fortalt at han rispa det inn i ei flat tre-flis, daa han gjekk upp fra sjøen; sume segjer at han hadde papir og skreiv det heime. Han fekk det burt i handi paa tenestegjenta si og bad henne fara inn paa Nese so fort ho kunde. Ho stakk det ned i eine sokken sin og klædde seg ut til ei fille-kjering som gjekk og bad seg. Daa ho kom aat skottom, tok dei henne. Men ho gjorde seg faavis og sa: »Bevare oss, skal det vera so hardt, at ikkje fatigt folk kan faa ganga sin veg!« Daa slapp ho fram. Ho kom ned til sjøen og fann seg baat; sidan rodde ho inn paa Romsdals-nese og bar upp bodstikka. Folke las og sende lenger; og no for ho fraa gard til gard so fort ho vann.

VII.

Der stod skottarne paa berghamaren. Per hadde narra dei stygt. No hadde dei Isfjorden millom seg og Romsdals-nese; han skjer seg langt inn i lande. Dei laut ganga rund umkring honom, og det er tvo mil til kroks i det verste ulende.

So tok dei i veg; og det bar gjenom skog og myr. Sumetider laut dei krabba etter bergom,— 20 — '

og sumetider laut dei vassa i elvom. Og Per Klognes for fyre og synte vegen. Daa fekk bønderne tid til aa umraada seg og røma undan.

Der ligg ein liten gard heiter Torvik. Folke hadde rømt og teke med seg alt dei kunde; dei hadde gjøymt sengje-klædi sine uppe i ei fjellskor. No kjem skottarne dit, og fer baade høgt og laagt, og finn sengje-klædi. Dei skjer hol paa dynorne og tømer ut fjøri so ho fyk. Vaari tullar dei saman og tek med seg.

Endeleg kjem dei rundt Isfjorden og fram paa Romsdals-nese. No er dei so trøytte, at dei maa kvila.

Dei ser upp igjenom der dei skal fara. Romsdalen ligg bratt og trong; det er fjell i fjell, det eine verre en det andre. Men Sinklar segjer: »Naar me kjem ut paa Heidemarki, skal me koma som aat Kanaans land; daa skal den venaste gjenta og den gildaste garden høyra dykk til. Men fyrst maa me knekkja folke. Eg vil støypa um den norske løva,« segjer han, »og gjera henne til ei jordrotta, so ho ikkje skal tora kreka ut or hola si meir.«

So vart dei moduge og tek paa vegen. Per Klognes hev drege seg burt aat eit næver-lad. Han smøygjer handi ned i lumma si, dreg fram pungen og stikk honom inn her; det var ikkje verdt at skottarne fekk tak i honom. — Men no maa han fram sjølv; dei dreg paa haare hans og driv honom fyre seg.VIII.

Frua aat Sinklar var med. Det gjekk til soleids: Ho var att heime i Skottland, daa han for; han tok avskjed med henne. Men daa han kom ut paa have, synte ho seg fram, ho hadde klædt seg ut og gjøymt seg paa skipe. No laut ho faa vera med. Og her aatte ho barn, med dei for yver sjøen. Ho skulde vera som den gode engelen imillom dei raae hundom. Det er sagt, at ho heldt mannen sin ifraa aa gjera mange gruvsame verk som han hadde tenkt paa. Det ligg ein gard i Romsdalen heiter Flatmork. Fram med der stend ei liti kyrkja, Flatmork-kyrkja; og inni der hev det hange eit jomfru Maria bilæte med Jesusbarne i armom; baade ho og barne hadde ljoskrans kring hovude. Men folke i bygdi sagde at det var fru Sinklar med barne sitt.

Tvo til er nemnde, som var med skottom. Det var noko stygge folk. Sinklar bruka dei til aa fara fyre og njosna etter nytt; um kvel-darne kom dei attende med tidender. Dei var lettare til aa laupa en hjorten; det er fortalt, at kjøte var utor skore or laarom og tjukkleggjom deira. So er og sagt at dei kunde rekkja far etter manna-fot. Og naar dei drap folk, tok dei katt-sprang uppaa ryggen og knekkte nakkebeine. Dei var dei faarlegaste i heile fylgje hans Sinklar.— 22 — '

Sume hev kalla dei verlauparar elder verkalvar; men sume kallar dei tryn-tyrkar, og fortel at dei hadde store vide uppskorne nase-boror.

IX.

So fer dei upp etter Romsdalen. Dei fangar nokre bønder, og drep dei ikkje, men tvingar dei til aa fara fyre seg i gardom og segja til mat og drikkan. Bønderne skulde bera det ned aat vegen og leggja det i haugar her og der; gjorde dei ikkje det, vilde skottarne koma etter og brenna og drepa for ende.

Dei kjem aat Settnes. Her budde ein dansk mann heitte Søfren. Han hadde eit skrin fullt med dyr sylv-stas, — det var sylgjor og belte, staup, ølkrus og mangt. Skottarne finn skrine og tek det. — Paa ein annan gard hev folki fare til fjels og bunde att hunden i stabburs-døri. Skottarne kjem, og so gjøyr hunden; dei høgg av honom alle fire føterne. — Dei kjem aat ein gard heiter Eide; der smell det fraa hi sida elvi, det kom ei kula og drap ein skotte. — Paa ein gard heiter Maange hev folke rømt og sett att mat og drikkan paa alle bord. Skottarne kjem og et og drikk. — Den eine ver-lauparen er faren fyre og kjem aat ein gard heiter Raudstulen; her vart han skoten.— 23 — '

Naar skottarne kom inn paa eit tun, so stelte dei seg upp utanfor døri og ropa: »Mann i hus, kom ut! Skottarne vil gjesta deg! Ut med det du hev av gull og sylv, øl og vin, kjøt og flesk!« Og so gjekk dei inn i huse og røva. Folki var for det meste rømde aat fjellom. Men skottarne for so fort, at dei fekk fat paa mange likevel. Og daa for dei fælt aat. Dei halvdrap mange. Dei valdtok unge konor og gjentor, og skamfor dei sidan paa den styggaste vis, og gjekk fraa dei. Dei for beinaste yver aaker og eng; og naar dei gav seg tid, so brende dei gardarne.

Bønderne sat uppe i bergom og saag paa. Ikkje hadde dei vaapen, og ingen hovding hadde dei. Og all ungdomen var ute i ufred.

Her skal me fortelja um ein skotte, som vart sjuk og laut gjeva seg att. Han mura seg upp ei hytta i eit berg i Romsdalen og lagde seg til og vilde døy. Daa bar folke upp mat cg drikkan og stelte vel med honom; han kom seg att. Han var der ei lang tid. Men ein dag vart han burte og kom ikkje att. Han spurdest ikkje meir.

Tri av dei fælaste fjell i Romsdalen heiter Maange-hamaren, Kyllinge-kleivi og Bjørne-kleivi; dei gjeng mest heilt ut i elvi. Paa desse stel-lom hadde bønderne tenkt seg til aa møta skottom. Dei samlar seg og skal raadslaa. Men dei kjem for seint. Skottarne er alt farne.— 24 — '

Daa skottarne kjem upp aat Bjørne-kleivi, torer dei ikkje fara vegen lenger; dei er rædde bøndom og tek til fjels.

So kjem dei aat Gudbrandsdalen; den fyrste bygdi er Lesja. Folk meiner dei kom til bygdar ved ein gard heiter Einbu. Her hev det stade ein stolpe med »1612« paa; og dei gamle segjer at han stod til minne yver ein, som skottarne drap.

Der er ein gard heiter Bjøraa. Dei rømde alle saman so nær som bestemor aat mannen; ho var so gamal at ho trudde seg trygg. Skottarne kjem, og fyrst dreg dei ut alt dei finn av etande og slitande; so drep dei gamla og brenner upp garden. Straks frampaa er ei sletta heiter Marasletta; her et dei og kviler.

I Kjelshusom hadde folke rømt burt i ein avdal heiter Lordalen. Men fyrr dei for, sette dei mat paa bordi so mykje som aatte rom. Skottarne et og drikk og er kaate. Dei fer umkring i husom og finn eit mjøl-kjer paa stabbure; det tømer dei ut paa vegen. So brenner dei upp garden og fer lenger.

Kona paa Norderhus heitte Synne; ho var komi fra Lom og gift dit. No er ho med barn. Alle dei andre rømer, men ho vil ikkje; ho vil vera att og sløkkja, segjer ho, naar skottarne kjem og set verme paa. Ho gjeng inn i laaven og gjøymer seg. Skottarne kjem, men dei finn henne ikkje. Og den garden vart helder ikkje brend.Paa Bjøkne hev dei rømt og teke med seg det dei kunde fanga ihop. Daa hugsar kona nokre dyre ting som ligg att heime; ho snur attende og finn fat i dei. Som ho spring ut or tune, ser ho ein flokk skottar kjem; men ho kom undan.

Ein gard heiter Finnvord, mannen Trond. Han hadde fenge saman ein flokk med lesjingar og vilde møta fienden. Men daa dei tok til aa telja seg, vart dei modlause. So veit han ikkje anna aa gjera enn aa setja fram paa bordi nokre haugar med mat og drikkan. Sjølv gjeng han upp paa ein bakke og set seg og ser ned i garden; og kona hans sat ved sida. Skottarne kjem og baade et og drikk. So leitar dei att og fram i husom, men finn ikkje anna en

ei kviga, som stend bak fjosdøri. Dei høgg av henne alle føterne. So gjer dei upp verme i eit uthus og fer ifraa. Men vermen slokna att av seg sjølv. Det borde som Sinklar aat ved var til i 1840.

Naar dei fann mat framsett, so var dei rædde at han var forgifta, og gav hundom sine fyrr dei aat sjølve.

So for dei fram. Og folke rømde undan, alle som kunde; dei stod uppaa høgdom og knausom og saag paa at gardarne brann. Kvinnfolk og born gret. Daa ropa skottarne: »Sjaa fjellkattarne, — naar lande er teke skal me koma att aat dykk!«— 26 — '

Naar dei kom aat ei bru elder ein krossveg, maatte han Per Klognes fram. Fyrst fær han hogg og slag; so spyr dei honom um rette vegen og um han veit nokon løynd faare. Dei hev lært aa skyna, at han ikkje er so einfeld som han læt seg til; ofte fær han bank ein gong til, fyrr dei trur paa honom og vaagar seg lenger. Dei fer yver Bottheims-brui paa Lesja, og daa brenner dei upp henne, so ingen skal koma paa dei attantil.

Kvar morgon brende Sinklar krut i neven sin. Slo røyken mot jordi, kunde dei herja og røva og vera trygge den dagen. Slo han til vers, so vilde dei koma i kamp, men vinna. Men slo han aat bringa, daa kunde dei vara seg; det spaadde um ei ulukka.

Dei fer gjenom ei grend heiter Kjørums-grendi; der er tett med gardar. Daa smett han Per til sides og renner fraa dei. Han tek paa heimveg og kjem eit lite stykkje; daa knip dei honom att og gjev honom juling.

Dei kjem aat Jora-brui og er svært rædde. Fyrst ser dei vel aat um brui er heil; so sender dei ut folk til aa njosna. Dei kjem att og fortel at vegen kløyver seg — ein gjeng upp-yver og ein utyver. So spyr dei Per, kva for ein er den rette. Han segjer, den som gjeng utyver. Daa tek dei eit tog og hengjer honom ut yver brui og duppar honom ned i elvi. Dei hadde honom under vatne mange gonger. Dei— 27 —

spyr kva han helst vil gjera: segja sant elder døy. Daa sa Per: »Um eg skal døy her, so Gud hjelpe meg um eg veit nokon annan veg.« Og daa tok dei honom uppatt og trudde, som •sant var. So kom dei aat Dovre.

Dei for fort yver Dovre. Det ligg ein gard heiter Landheim, og attaat der ein stor voll, Kraakvollen. Her ved ein laave heldt dei kvild og leika og dansa; laaven stod i 1836. Dei hadde frisk musikk. Bygdefolke sat uppi liom og høyrde paa leiken og saag dansen.

Og her hadde dei bedar-dag. Dei heldt bøn for Rosti og Bægils-kleivi og den høge bru. — Rosti er eit glup elder bergstrype millom Dovre og Sell, som vegen gjekk utyver. Bægils-kleivi ligg uti Ringbu; no heiter ho Eldstad-kleivi. Den gongen hekk vegen uppi bergom; og Sinklar :skal hava sagt, at naar han kom dit, vilde han taka til fjels. Den høge bru var Tromsnes-brui i Ringbu. Ho var berre ei stokkelengd; men ho laag yver eit djup, som var 45 alner djupt.

X.

No flytt me oss attyver tvo—tri dagar, og høgg atti paa Lesja.

Det var ein bonde heitte Lars. Han var lensmann yver Lesja og Dovre; han var buandepaa Haagaa paa Lesja, Fienden fer upp yver Romsdalen, og paa timen han spyr det, gjer han i stand bodstikka og set henne paa skote aat grannbygdom. Ho var den gongen slik: eit ope brev var bunde fast kring ein kavle av tre; han var kvest aat eine enden og brend svart; i breve stod ei hard order um aa møta fram. — Sjølv so reiser han ut yver dalen; mange ifraa Lesja sankar seg attaat og gjev seg med.

Det var sundag. Han kjem inn i kyrkja paa Dovre midt under preika og støyter i golve tri gonger med staven sin. »Gjev ljod!« segjer han; »fienden er komen inn i lande!« Daa stana dei og strøymde ut or kyrkja. Og no talar han til aalmugen og bed dei manna seg upp. Bønderne paa Dovre gjorde seg ferdige straks; i flokk og fylgje for dei utyver mot Rosti; her hadde Lars sett møtestaden.

Der stansa dei og tok til aa hogga timber og velta saman ei gildra, som dei vilde rulla ned paa skottarne. Men so kjem det folk ifraa Vaagaa og Sell, og dei segjer at her dug det ikkje aa møta skottom. Men dei veit ein stad lenger ut i dalen — det er i Kringum — der er det laglegt. Dei tokst um dette ei heil stund,, kvar heldt paa sitt.

Men lesjingen og dovringen gav seg til slutt. So gjekk dei ifraa arbeide sitt her og for lenger.

Daa dei for yver Rost-brui, so segjer Lars— 29 — '

Haagaa, at her skal dei gjera skottom ei liti pretta. Dei riv ned brui.

Dei kjem ned til Sell. Her vert det moro; dei møter ein stor flokk bønder, som kjem heilt fraa Ringbu og Fron. Det er bygder som ligg mange mil lenger ut i dalen; men bodstikka hadde havt frisk skjuss. No kjem dei med øksar og spjut og spyr etter skottom. Og mange hev gjevær.

Dei fær fat i nokre tunnor med sterkt øl; so tek dei inn paa Raamundgard og gardom der umkring. Og no er det kvelden.

Men mange drakk seg drukne um natti. Og daa morgonen kom, so vilde dei ikkje lenger. Dei heldt paa og tappa og drakk skaaler imot skottom og vilde ikkje ifraa øle.

Og Sinklar stend uppe paa Dovre og kan vera ventande kvar time. — —

Daa er det nokre som slær godt atti tap-parne og skjer dei av tett innved tunna. No fær dei ikkje meir, — og so vart dei med.

Det bar utyver aat Kringum. Dette var tysdagsmorgonen den 25de august.

XI.

No er det ifraa Lom — um korleis det gjekk med lomværom.— 30 —

Lom ligg 5 mil avsides fraa rette dalen og gjeng heilt inn i Jotunheimen. Det er ei stor bygd; ho kløyver seg ved hovudkyrkja og vert til tvo dalar; den dalen som dreg mot høgre heiter Skjaak. I desse tider var det vegalaust dit.

Daa orde um skottarne kom fram til Lom, vart det liv. Folk flokka seg og vilde avstad. Daa er det ein liten rask hop som legg paa sprange med ein gong; dei stanar ikkje fyrr dei kjem aat Kringum. Og her kjem dei so vidt til tidar.

Sidan fer det i veg ein flokk or søre Skjaak; det er grendi mest for ende. Dei tek beinvegen yver Finndals-fjelli og kjem ned att paa Vaagaa — og lenger. Men dei kjem for seint. Daa dei kom ut paa Vaagaa eit stykkje, møtte dei bønder som kom att fraa Kringum. Men meir um det seinare.

So sankar dei seg saman fraa sjølve midt-bygdi i Lom. Dei er litt seinare ute — og tek avstad. Daa kjem det ein flokk fraa øvst uppe i Skjaak og gjev seg med. Og imillom dei var Skjeldkvaals-kararne.

Det var tri brør heitte so; dei budde paa Skjeldkvaale i Skjaak. Dei var fulle av lent og løgje, og det stod ord av dei yver alt Lom. — Eingong gjekk dei paa Fjordings-marknaden og dreiv og hadde ikkje noko aa gjera. So var det ein fjording, som hadde ei sjuk merr, og han bar seg svært ille. Skjeldkvaals-kararne— 3i —

segjer han maa »slaa henne for skrell«; det var beste raadi som fanst. Aa ja — men han kunde ikkje, og bad dei hjelpa seg. Daa finn dei ein fjøl-stubb og legg yver skallen paa merri, og held i ein i kvar ende. Den tridje kjem med ei øks, og gjev fjordingen henne og segjer: »No maa du slaa til fjøli alt du orkar.« Ja, fjordingen svingar øksi og skal slaa til. Men i det same slepte dei fjøli dei tvo, og skreik: »Haldt, haldt!« Men fjordingen kunde ikkje halda — og slo til paa nakne skallen, so merri seig ned og var daud. Daa bruka dei munn paa fjordingen, og sa han skulde havt juling til, naai han saag fjøli datt og høyrde dei skreik og endaa ikkje vilde halda.

Og eingong dei var tri eine heime korr der inn eit stort fante-fylgje. Fantarne synte fram kvast staal, og desse tri rømde ut i kleven Her hadde dei slipestein, og tok paa aa slip; knivar. Daa den eine hadde slipt sin, smau^ han ut gjenom kleve-glase og kom inn att stova gjenom døri; han gjekk fram um fantarm med kniven i handi og gjekk ut i kleven. De gjorde den andre, og det gjorde den tridje, oj so heldt dei paa ei lang rid; tvo slipte oj ein gjekk. Men fantarne tok paa vart ugode dei sat og aat. Daa segjer ein stor furk, son sit i høgsæte: »Kva skal alt folke, og kva vi de med alle knivom? — »Slagta griser,« segje hin — og grip fanten i nakken. »Du er vis«— 32 — '

den feitaste,« segjer han, og vil draga paa kleven med honom. Fantarne spring upp og riv honom aat seg att. Men

dei tok til dørs so fort dei vann; dei trudde kleven var full med folk.

— Ja, heile denne flokken fer utyver etter bygdi. Dei kjem aat ein bakke ei halv mil uti, og her stansar dei og vil samraada seg. Daa segjer Skjeldkvaals-kararne: »For satan, kva skal me der uti og slaast etter! Kan ikkje dei der uti hytta seg sjølve! Vend um og ver med heimatt, godtfolk, — skottarne kjem so ikkje aat Lom likevel.«

Og heile flokken vende.

Men bakken vart heitande Raadsbakken, og heiter so den dag i dag.

XII.

No tek me attpaa att med skottom.

Skottarne for ifraa Kraakvollen og utetter Dovre. Men daa dei kom ned i Rosti og skulde yver brui, so var ho burte. No maatte dei til fjels att, og krabba upp yver ei bratt li og hefte -seg burt lengje; sidan for dei ned att gjenom Horgje-lii, og kom ned til Sell um kvelden.

Men bønderne hadde fare um morgonen.

Folke paa Nord-Sell hadde bunde uksar og

naut fast attaat skigardom; for dei tenkte at daa skulde ikkje skottarne brenna og røva. Sinklar ser utyver Sells-vollarne og segjer: »Her emnar det paa til velstand; men ute paa Heidemarki skal det verta endaa gildare.«

Skottarne laag paa Nord-Sell um natti; dei tok att gardarne etter bøndom. Sinklar sjølv laag paa Raamundgard.

Det er tidleg um morgonen, og verlauparen er ute og renner seg i gardom. Paa Øydgarden er ein gamal tenestekar heime; han er att og skal gjæta huse. Han ser verlauparen kjem. Han tek staal-bogen sin og legg seg inn i ein hampe-aaker. Han hadde fenge ein gutunge til aa stiga upp paa stove-take og gjera teikn aat seg; men guten smatt attum pipa. No kjem verlauparen. Han hadde vore inne i ei bud og drukke seg mett med sur mjølk, og daa han kjem aat hampe-aakren, so misser han teven.

Og her vart han skoten, so surmjølki sprutte utor honom. Det er sagt at han spratt ende upp jamhøgt med seg sjølv, daa han fekk pili i live.

Denne morgonen stod Sinklar paa Raamundgard og brende krut i neven sin. Røyken slo aat bringa. Daa sa han: »I dag lid eg skade paa folk; men stor elder liten det veit ingen.«

So for dei utetter. Dette var onsdags morgonen den 26de august. Aatte dagar fyrr kom dei i land. Dei hadde med seg blaasarar

og spelemenner og ei stor trumma, og utyver etter Sells-vollom gjekk det i takt og tone. Naar dei høyrde graat og barneskrik uppi fjellom, so sa dei: »Høyr trollkattarne, dei pip og skrik; men naar me kjem att, skal me gjesta dei!« Sinklar sjølv reid, og frua hans og fleire som hadde funne seg hestar.

Paa Sells-vollom veks det ei rot, som heiter sellsnæpa; ho er forgiftig. Naar ein sau fær i seg av henne, so trutnar han upp og sturtar straks. Folke paa Sell segjer, at skotterne saadde denne næpa etter seg, daa dei for.

XIII.

No lyt me etter bøndom som hadde fare utyver aat Kringum.

Kringum ligg halv-onnor mil sunnan Raa-mundgard. Her skyt det seg fram ein bratt, diger bergkrugg; det er den eine fjellsida som sig ut i dalen og velter seg kav aat elvi. No ruvar det ikkje so sværande; for det gjekk ei jordskrida i 1789, som sopa med seg skogen og gjorde det flatare; og no gjeng nyvegen nedunder etter elvi. Men i den tid hekk vegen uppi bergom og svinga seg umkring kruggen. Elvi heiter Logen, og her er ho stor og strid;;-

for straks nordpaa renn Otta attaat, ho kjem fraa Vaagaa og Lom.

Daa bønderne kom aat denne kleivi, stana dei; det var tidleg dags. Men dei fann folk fyre seg. Og hit kjem no folk ifraa alle kantar. Det skulde vera bønder utor 6 prestegjeld i dalen: fraa Ringbu, Fron, Lesja, Dovre, Vaagaa, og nokre fraa Lom. Daa alle kom saman var dei millom fire og fem hundrad mann.

Dei hadde ikkje stort anna en øksar aa slaast med; mest alle vaapen som var noko tess var ute i krig. Og attpaa alt: dei visste ikkje tal paa fienden dei skulde slaast imot. Orde hadde gjenge fyre skottom og gjort dei tallause. Alle hadde høyrt um denne avbragslege heren; ingen visste det som var sant. Det vart ei spenning so stor at ho leita paa for mange; sume tok paa aa murra, at det fanst ikkje raad. Men daa gjorde dei ein lovnad: »No vilde dei standa der dei stod. um so heile helvite kom.«

Ein bonde ifraa Ringbu heitte Per Randkleiv, han var lensmann; han var komen der med ringbyggjingom og frøningom. Han og Lars Haagaa fraa Lesja tok styre.

Ein bonde til ifraa Ringbu, han heitte Arne Gunnstad, var den sterkaste av alle. Det gjeng store segner um styrken hans. Han hadde mest aa segja næst desse tvo.

Det var ein or Hedalen heitte Kjell Fjordungrein. Hedalen er ein lang avdal, somgjeng jamsides med Sell og Vaagaa, og ein fjellrygg tmillom. Kjell gjorde seg ferdig med dei hine og vilde aat Kringum. Han hadde festarmøy; det var gardgjenta paa Kruke, ho heitte Gudrid. Og ho tek ikring og nidbed honom um aa vera heime. »Det berst fyre meg, at det vil ganga deg gale,« segjer ho. Han gav seg yver. Men so fær ho høyra um frua aat Sinklar og um det vesle barne som er med. Daa gløymer ho reint seg sjølv. Og no vert ho so viljug til aa sleppa honom ifraa seg, at ho bed honom likso mykje um aa vera med som ho fyrr bad honom aa vera att. »Inkje fær du meg, Kjell, fyrr du reddar det barne,« sa ho. Daa stod han upp og gjekk. Men ho var etter og bad honom, at han ikkje maatte vaaga seg inn i slage, og berre hava hugsott paa barne. Soleis var han komen der.

Morgonen er blank med solskin. Bønderne pustar ut att og umraader seg ein liten grand; so fer dei uppum vegen, høgt uppi, og tek til aa hogga timber. Sume høgg, og sume dreg ihop. Dei dreg det ut paa brattaste bakken og legg det i digre lunnar, mange lunnar paa breidd; dei kjem rullande med svære steinar og legg uppaa timbre so tjukt som det eig rom. Dei gjer ei brei og diger velta. Men under timber-lunnom laag det sleipe stokkar, som var ihop-bundne og hekk ut yver fjelle mest som mange ormar. Paa desse sleipom ligg heila velta; ho

ligg so laust at det er berre nokre reip og stolpar som held henne. Naar ein hogg av reipi og slo undan stolparne, so rulla det utyver alt ihop — og aat elvi. Dei tek bar og lauv-buskor og legg attpaa og gjøymer burt alt saman; det ser ut som smaaskog heile bakken uppyver. Eit par mann stend att til aa løysa velta. Og ein stor flokk gjeng uppum timbre og vil vera etter med øksom paa hoggande flekk.

Ein flokk gjeng nordum og lagar seg til med store tre, som dei vil velta ut i vegen, so at skottarne skal ikkje kunna snu, naar dei kjem inn i klemma. Ein annan flokk gjeng sudyver i same erend.

Det var med ein bonde utor Ringbu, som heitte Berdon Segelstad; han var den beste skyttaren. Han og tvo andre skulde faa skjota Sinklar. Daa segjer Berdon: »Eg vil vera den fyrste som løyser skot i denne leiken,« og det laut alle ganga under paa. Han hev høyrt at Sinklar kan fri seg for skot. Daa tek han sylv-halsknappen sin og tygg honom ihop og kjøyrer honom inn i byrsa. So gjeng han attum nokre graner og murar seg upp som ein bringe av stein, og der stend han. — Gamle folk syner fram av dei same steinom endaa.

Det finst att ei gomol visa, no er ho i stubbar, men ho er dikta av ein gudbrandsdøl straks etter slage i Kringum. Ho segjer:Der ligger en klev i Gudbrandsdal den monne man Kringen kalde, der lagde de døler sig paa tal henved fem hundrede alle. De skansede for sig og gjorde mur og reiste stener mange. De laage der som katten paa lur, naar den vil musen fange.

Dei laag der, men kunde ikkje sjaa, naar skottarne kom; for vegen kom svingande og gjekk inn under berghamrarne, so han vart reint burte. Dei kunde ikkje eingong sjaa djuve nedunder seg for alle smaaknausom som laag attfor. Men her galdt det um aa vita som paa ein prikk, naar skotteheren var paa rette flekken. Og so var dei rædde noko anna, — at skottarne kanskje kunde snusa det upp og gjera til inkjes alt ihop. Dei hadde høyrt um

verlauparen, og visste at han for fyre og var faarlegare en alle andre. Daa tok dei tvo raader:

Det var med ei gjenta heitte Gudrid, dei kalla henne Pillar-Gudrid. Ho var framifraa god til aa blaasa i bukkhorn-stuten. Ho for tvert yver Logen og gjekk upp paa ein fjelltopp heiter Seljordskampen. Der stana ho og saag nord og sud, vidt yver dalen. Men naar ho fekk sjaa skotteheren, skulde ho taka paa aa laata; ho skulde faa dei til aa ganga i andre tankar. Og paa armen hadde ho eit langt kvitt håndklæde hangande; det skulde ho svinga kring armen og— 39 — '

stytta, etter som heren for fram og kom nærmare og nærmare. Alt dette kunde bønderne sjaa og høyra.

Det ligg ei øy beint ute i elvi, ho gjeng nordyver fraa Kringum eit godt stykkje; ho heiter Storøyi. Der utpaa fekk dei ein mann til aa rida paa ein kvit hest. So er sagt, at han sat att aa bak og hadde hengt eit raudt digert turkisede yver manken paa hesten; han vilde faa skottarne til aa glaama etter seg. Han reiste nørdst nord paa øyi; der vilde han venta, til dei kom nordantil; naar dei kom, skulde han rida fram og halda seg jamt med skottom all vegen attende. Men naar dei var komne aat den og den staden, skulde han tversvinga; og det var merkje for bøndom til aa løysa velta. — Det hadde møtt fram gamle folk, som ikkje dugde vidare til aa slaast, og sume var for unge og sume rædde. Daa segjer han Arne fraa Gunnstad, at desse skal taka med seg alle fille-gjeværi og ut paa Storøyi og skjota med laust krut. Men dei skulde standa so langt undan, at skottarne ikkje rakk med kulom sine. Og etter di vart gjort. — Alt dette gjorde dei og var ferdige.

Fem mil utanfor Kringum ligg Bægils-kleivi, som Sinklar var rædd og heldt bedardag for. Her uti hadde dei lagt seg bønderne ifraaGausdal og Øyer, og laag reide. Hovdingen her heitte Lars Gram. Det var futen yver Gudbrandsdalen, han budde paa Steig paa Fron. Men det vart ikkje bruk for dei.

XIV.

So vart det dag andre dagen. Det er 26de august, klaart ver. Men skottarne kjem ikkje. Daa rid det ivegen ein av bøndom og skal stira etter dei. Han heitte Audon Skjenna og aatte heime ei halv mil nordpaa. Han kjem nord aat garden sin, og her fær han sjaa Sinklar, som mynstrar heren sin straks utpaa vollom. Han held seg still og ser paa, til dei er ferdige. Daa kjem skottarne; dei kjem fort; straks etterpaa fer dei yver ei bru — og fær sjaa honom. Daa spreng-rid han attende. Men dei var so tett innpaa honom, at han høyrde dei ropa: »Sjaa buren renn undan paa ein pert!« (»Bur» var bonde og »pert« same som hest.)

No kjem ein flokk af skottom; det er innpaa 100 mann. Dei hadde brote lag med heren og for eit godt stykkje fyre. Dei driv med honom Per Klognes og driv radt. Ho Gudrid ser dei, men tegjer still; desse ute paa øyi held seg rolege; han paa hesten røyver seg ikkje. Deifor nedunder kleivi, merkte ingen ting og var trygge.

Men mange sa sidan at det var ein Guds^ lagnad at verlauparen var skoten um morgonen; hadde han vore med her, kunde det gjenge onnorleis.

Daa kjem sjølve skotteheren. Dei fer i ei lang lina, kjem med styr og staak og er kaate; dei ridande er fremst. So segjer visa:

Der oberste red i forreste led, han holdt sig saare prægtig.

Sinklar hadde høyrt, at bondeheren skulde vera langt undan seg reist; han sit trygt. Frua hans rid tett innpaa, og barne i armom hennar. Daa tek ho Gudrid paa aa laata. Det var slikt eit tungsinn i tonom; alle stana og lydde. Skottarne svarar med ein frisk krigsmars. Daa læt ho andre gongen, og same slaatten; men det er som liksong og graat gjenom heile dalen. Det vart so stilt etter tonom. Daa set skottarne i med ein sterk krigsmars og kjem aat Storøyi. Men her tok ho paa aa laata att. Og laaten er til endaa; han heiter Pillargudrid-leiken. Den hin er Sinklar-marsen. Spelemennerne i Gudbrandsdalen kan dei baae tvo.

Daa smell det ifraa Storøyi; dei med laust krut skaut. Skottarne svarar og skyt med skarpt; men desse utpaa øyi stend like kjappe; det naar ikkje kula dit aat dei. Og laust-krut-kararne•skyt ein gong til; og endaa ein gong. Og skottarne tek av seg huva og helsar for kvart skot. Daa kjem han ridande den rare øyken; og skottarne skrattar og svingar med huvom. Sidan so gjekk dei med huvom og helsa.

Og so er dei under Kringum.

Sinklar og frua hans og den fremste flokken er alt komne framum velta. Der stend Berdon Segelstad; han spenner upp og tek sigte. Men det klikkar. Daa klemmer han aat andre gongen, — og det small. Sinklar fekk kula i skallen beint yver det vinstre auga. Han gav ifraa seg eit stort rop og seig ned av hesten. Mange høyrde han ropa: »Berdon Segelstad og byrsa hans!«

Daa tversvinga han som reid ute paa Storøyi; og velta kjem veltande. Ho kjøyrer yver ende og klistrar nedaat etter ein brei teig, — og so gjeng det rullande aat elvi. Ho sopa med seg mykje av skottom. Men storslumpen stod att og •saag paa; dei skalv som lauv. Og so tok dei sprange, — sume imot nord og sume imot sud. Men her møter dei bøndom, som kjem med øksom ifraa baae kantom og klemmer dei ihop att. No set dei beint upp yver bakken og lagar seg til og vil slaast. Men daa kjem bønderne som laag bak velta; dei kjem utyver i rasande renn og ropar høgt og gjeng paa; •sume slær, sume høgg, og sume skyt.

Her stend skottarne ihopklemde yver ein— 43 — '

time og slæst baade kvast og godt; dei sel live so dyrt dei kan. Men bønderne er for føre. Arne fraa Gunnstad gjeng fremst; han høgg^den eine yver den andre. So er sagt, at han tykte det var som han stod og kløyvde raa-gran heime, elder skar halm.

Den gamle visa segjer:

De var omringed' sønder og nord, der skede paa dem et ynkeligt mord.

Seks bønder ligg daude og nokre hev fenge saar. Men skottarne ligg i haugvis. Daa er det ein flokk som spring ut yver berge og kav paa elvi; mange av dei sokk. Og bønderne skyt, so at sume stuper hovudstup uti. Men sume flyt og sym yver og kjem uppatt paa hi sida. Men her stend det bønder som tek imot dei og høgg dei ned, so tett dei kjem upp or vatne.

Det stend att ein liten flokk uppi Kringum; dei legg ned vaapni og fær fred.

— Ho Pillar-Gudrid heldt paa og let. Daa ser ho at Logen renn raud av blod; ho kastar horne attyver hovude og snur seg.

Og no tok ho paa aa graata.

Fraa fru Sinklar er aa segja, at ho sat paa hesten og heldt barne i armom og saag paa at velta gjekk. Men daa bondeheren rasa paa det hardaste, kom det ei kula og drap barne. Daa sette ho i med eit klageskrik, som høyrdest yver all heren. Bønderne tykte det var som vill song— 44 — '

og graat. Daa kjem han Kjell; ho sit og turkar blode av barne og er som ifraa seg sjølv. Han sprengjer seg fram og grip etter barne. Daa dreg ho den lange kniven sin og kjøyrer inn i bringa hans, so han sig attende. Og der døydde han.

No kløyver ho seg soga um fru Sinklar. Sume segjer at ho rauk med i Kringum; ein av venom hans Kjell skaut henne. Og like hennar saag dei seinare ute i Logen, det laag og flaut og heldt umkring barne. — Men kalls-boki paa Vaagaa segjer, at ho vart fanga og slapp fraa Kringum med live.

Den gamle visa segjer um slage:

Der oberste red i forreste led, han holdt sig saare prægtig. Han blev først skudt af hesten ned og var straks ganske afmægtig. Han døde og der straks paa stand med flere paa de tide. Georgus Sinklar hedte han som da blev lagt i lige.

De kugler tykke som hagel fløi, mand maatte der holde og bie. Der hørtes mangen vraal og støi, ja værkede mangen side. Der svedtes mangen blodig sved, de bleve i kinderne hvide.

De gave sig straks ad klippen op; død vil de de norske bringe, men bleve nedkjørte med sten og stok og maatte fra klippen springe.— 45 — '

Hart hos den klippe der rinder en aa, de strømme rinde saa stride; enhver som ikke kan landet naa, han monne for strømmen drive.

De svømmede baade hid og did, paa ryggen som de og kunde. Den konst de havde lært med flid, dog maatte de gaa til bunde. De skjøde paa dem ret skarpelig, at vandet stod dem om øre; de maatte blive paa det sted og naaede ei det tørre.

Der dølerne havde dette gjort og lagt saa fienden øde, jeg haver det for sanding spurgt, at seks er bleven døde i slaget, som stod ved den klev, og da blev lagt i lige, foruden de som saaret blev, som ere faa at sige.

Slage i Kringum varde halvannan time.

*

No er det aa fortelja fraa desse skottom som for fyre, at dei merkte ingen ting og for endaa lenger. Men dei tykte Sinklar vart drjug. Og so hefter dei paa og skal venta honom. Best det er, høyrer dei buldring og smell og rop; daa tek dei til aa ottast. Men so fær dei høyra um striden. Og Sinklar er fallen, og skotteheren- 46 -

ryk med og gjeng til gruns. Daa dei fær full greia og høyrer um enden, so tek dei hyven undan.

Men straks bønderne hadde gjort fraa seg i Kringum, so skundar dei seg etter. Det ligg ein gard eit lite stykkje uti, som heiter Solheim, Der er ein voll. Skottarne fer nett yver vollen, og daa kjem bønderne. Dei kjem so sveiten renn og ropar: »Gange paa, gange paa, her hev me fleire!« Men skottarne legg ned vaapni sine, og daa stansar bønderne. No kjem det fram ein løtnant fraa skottom; det er tolken; han kan dansk. Han ropar høgt og bed um liv og fred for skottom. Ja det skulde dei faa, sa bønderne. Og no er det som ein liten pust paa. Daa ser skottarne at bondehopen er ikkje so stor som dei hadde tenkt seg; so grip dei att vaapni og spring fram og vil slaast. Daa gjeng bønderne paa, andre gongen; og no sparer dei ikkje. Per Klognes er millom skottom, men ingen kjenner honom. Han ser øksar i vere runden ikring seg, dei kjem tett inn aat hovude hans; daa ropar han alt han kan: »Eg er daa Per Klognes! eg er daa Per Klognes! av dykkar eigne folk!« So kjende dei honom og hevla. Men no laag halvparten daude av skottom; og dei som stod vart fanga.

Alt i alt vart det fanga yver eit hundrad med skottar.— Al —

XV.

Det er same dagen um aftan; bønderne hev gjort ifraa seg. Men dei veit ikkje kva dei skal finna paa med fangom. Hovdingarne segjer det er ikkje onnor raad en aa fara med dei radt aat Akershus festning. Daa tek dei utyver dalen,,. og like hans Sinklar hev dei med seg. Per Klognes fylgjer med og gjeng og fortel all vegen um kor fælt skottarne hev fare fram; det er slikt at haare kan reisa seg. Bønderne vert harmare og harmare; til slutt kan dei mest ikkje styra seg-So kjem dei aat Klomstad i Kvam. Dei hev fare halvonnor mil og er trøytte og kjeie; og det er myrke kvelden. Her finn dei ein laave,. og stengjer inn fangarne og set vakt umkring. Dei vil venta paa morgonen og taka ei avgjerd daa; mange ropar at dei hev fortent dauden.

Um morgonen held dei samraad. Mange av dei beste bøndom segjer at det vil vera synd aa drepa dei; det rettaste er aa fara med dei aat Akershus, — so kan kongen faa dei.

Men det behagede dølerne ei, at de saa skulde drage gjennem den lange og trange vei og gjøre landet umage.

Aat Akershus var det yver 25 mil og vond veg aa fara. So var det midt i heitaste onnom. Daa ropar bondehopen at det skulde aldri skje;- 48 -

kongen hadde vel nok aa føda paa lell, um han ikkje skulde føda slikt pakk! Og dermed stormar dei ned paa laaven og bryt upp døri og dreg ut ein og ein av skottom — og skyt dei ned, etter som dei kjem ut.

Best det er kjem det ut ein, som ikkje bit skot paa. Det stend ein bonde og skyt, han sigtar paa skallen; men skotten stend like stram. Bønderne vert reint fælne. Daa grip dei aat spjutom, og gjeng paa og stikk honom ihel. Soleis gjekk det med fem elder seks som det ikkje beit bly paa; dei fall for spjut. Her segjer visa:

De agted ei lod eller krud, det tørred i deres pander;

saa haard var deres kjød og hud, det kunde ei gjennem dem gange.

Formedelst list og troldomskunst — den havde de lært til prikke — hvad man dem gjorde var omsonst, de monne ei derved hikke. Saa toge de til skarpe spjud og monne til dennem rende, da revnede baade kjød og hud og gjorde med dem en ende.

Daa kjem dei ut med ein fange, som er mest vitskræmd. Han stirer fyrst paa ei sida, so paa ei onnor. Men bønderne stend umkring. Ingebrikt Valde fraa Vaagaa sit paa hesten ogser paa. Den som skal skjota spenner upp straks og tek sigte. Daa spring skotten; han spring burt aat honom Ingebrikt og tøygjer seg upp med hendom, og heile andlite hans bad, so det var ein ynk aa sjaa. Og so smyg han inn under hesten og gjøymer seg. Ingebrikt hev ei øks i hendom. Daa lyfter han øksi og segjer at han er meint paa drepa den som røyver honom; »og no kan det vera nok,« segjer han. Daa vart det stans. Daa var det att 18 inne i laaven; og dei fekk liva.

Denne laaven stod ubrigd i 1878, paa ein voll tett fram med kongsvegen.

So grov dei ei stor grav aat likom og kasta haug yver. Haugen vart heitande Skottehaugen og ligg nordan for laaven.

Like hans Sinklar bar dei fram aat kyrkja. Men daa dei vilde inn paa kyrkjegarden med honom, var det mange som sette seg imot; han skulde ikkje hava kristen jord, som hadde fare so fram. Og det var slik ei knurring paa bøndom, at ingen torde bera honom innpaa. So grov dei utanfor og lagde honom i uvigd jord. No er kyrkja flutt lenger imot nord. Men gravi hans Sinklar ligg der ho laag, tett ut ved Logen, eit stykkje sunnan for laaven. Ei stor steinhella stend paa gravi, og paa henne er skrive med digre bokstavar, so ein kan lesa det fraa kongsvegen:

 †

HER BLEV SKOTTERNES ANFØRER GEORG SINKLAR

BEGRAVEN EFTERAT HAN VAR FALDEN VED KRINGLEN DEN 26de AUGUST 1612.

Sinklar hadde stor ætt i Skottland, og ein av desse ættlingom vilde ikkje tru paa dauden hans, men meinte at han var fanga. Han kjem eins erend og skal leita honom uppatt og løysa honom ut. Han fer upp yver Gudbrandsdalen og kjem aat Kvam. Og her finn han gravi hans.

XVI.

No er det tvo-tri stubbar fraa bøndom, daa dei for heimatt.

Det var ein heitte Jørund Fjordungrein fraa Hedalen. Han fann penningskrine hans Sinklar. Han batt det paa hesten og tok paa heimvegen. Daa han kom so langt som aat Bræe, vart han svolten; her gjekk han inn og skulde faa seg mat og drikka. Han sit og kosar seg lengje. Men daa han kjem ut att, er skrine burte. — Sidan er dette vorte eit ordtøke, at naar ein et— 5i —

for lengje elder tufsar seg burt paa andre maatar: »han gjerer Jørund-maaltid,« segjer dei. Men det er ikkje mykje i bruk.

Fraa vaagværom er aa fortelja, at daa dei kom uppaa Vaagaa eit stykkje, so møter dei ein flokk med lomværer, som kjem og spyr etter skottom og vil slaast. Men Vaagaa-bønderne svara med stor spott: »Kjem raatjøra fraa Lom sigande? Ho kan faa renna heimatt no, naar ho ikkje kom fyrr.« Dette tolde ikkje lomværen, og greip vaabni og gjekk paa; vaagværen gjorde like eins. Men so er det nokre paa baae sidor som hev større vit, og gjeng imillom og fær dei skilde aat, so dei kom ikkje til nokon skade.

Det var ein dovring heitte Per Kjilli; han hadde vore med. So kjem han heim og fortel han hadde ikkje løyst skot imot skottom; og det vil han takka Gud for, segjer han. Daa er det grannen hans — han hadde og vore med, og han hadde ikkje sett fraa seg gjevære sitt endaa — han vert so kokande harm at han spenner upp straks og vil skjota honom. Og han hadde gjort det med, men daa sprang ein fram og skuva gjevære til sides, so kula tok ein

annan veg.

Per Klognes tok paa heimleii; han tykte det var eit under at han livde. Daa han kom ned paa Romsdals-nese, var han innum Næver-haugen og fann att pungen sin. Han kom vel og lukkeleg heim.XVIL

Det var med det rasa som hardaste i Kringum, og bønderne hogg paa og klemde ihop. Daa var det ein skotte som sprang ut yver bakken og kasta seg paa elvi. Han kunde symja, og kom vel yver og steig upp paa hi sida; og so tok han sprange. Han for til fjels. Det fjelle er ei mil breitt og gjeng yver aat Hedalen. Han spring og spring, og so kjem han dit. Det er ved kveldstid. No er han mest klaar. Han kjem ned aat Erlingsbø og gjeng inn i stova. Mannen sit inne, han heiter Kristen. Han ser at det fyrste som trengst her er mat og drikka; og han set fram paa borde og fær honom innaat aa eta. Og skotten et. Men han ser ut igjenom glase alt i eit. Daa ser han slaatte-kararne, dei kjem heim til kvelds og gjeng med ljaaom paa akslom. Han sprett upp og tek til dørs; for han trudde det var bønderne som kom etter og vilde drepa honom. Men mannen roa honom og fekk honom inn aat borde att. Her paa Erlingsbø vart han verande i fire "aar og hadde det godt. Sidan for han til Oslo og sette seg ned der; han var gullsmed. Eingong kom det sendande nokre vene sylvskaaler aat bornom hans Kristen Erlingsbø; det var ei gaava ifraa honom.

So er det um fangarne paa Klomstad. Den skotten som sprang inn under hesten hans— 53 — '

Ingebrikt Valde, han var glasmeister. Og sidan sette han seg ned her i lande og dreiv det handverke. Han gløymde ikkje honom Ingebrikt so lengje han livde. Han skreiv brev aat honom og kalla honom »livs-far« sin. Og ein gong sende han honom ei fager gaava. Det var nokre glasrutor, som skulde vera reint parlause. Endaa finst det att ei ruta av desse glasom der paa Valde. Det er inni henne brent eit bilæte; det er ein skjold. Midt inni honom er eit merkje, som dei trur er bumerkje hans Ingebrikt Valde. Yver det bumerkje sviv ein engel; og han breier ut armarne og vil liksom verja det.

Um dei hine 18 som fekk liva er aa fortelja:

Ein av dei vart med aat Veikle. Det er ein stor gard upp ifraa Klomstad. Mannen der heitte Ottar. Han stelte vel med fangen. Men fangen kunde ikkje gløyma Skottland, han ilengdest. So fekk han fara. Han kom vel yver sjøen og naadde heim. Ei tid etterpaa kom det seks sylvskjeier aat Veikle; dei kom ifraa Skottland og var ifraa honom.

Ein av fangom kom aat Vaagaa. Han var gauv kar til aa arbeida. Han fekk seg i noko rudnings-mark og braut upp og gjorde ein liten nett gard. Garden heiter Skottelii og ligg uppe paa baksida.

Det var ein til som kom aat Vaagaa. Der var han paa ein gard og arbeidde. So var det ein gong mannen vilde til skogs og tok med segskotten. Daa dei kom paa vegen, kom dei paa tale um slage i Kringum. Skotten var ein stivnakke. Han segjer: »Hadde me visst um dykk, slikt som de visste um oss, so skulde dansen fenge ein annan ende.« Daa vert bonden so heit at han styrer seg ikkje; han lyfter øksi og høgg ihel skotten der dei stend.

Ein av fangom var kardemakar. Han gav seg til her i lande og gifte seg og fekk born. Uppe i Trøndelagen liver det att mange av ætti hans endaa; dei kallar seg Matheson.

Det var med eit kvinnfolk imillom fangom. Ho for ned yver dalen og kom tilslutt aat Oslo. Her tok ho tenesta hjaa ein kjøpmann. Ein gong var Lars Haagaa der inne og kom dit ho var. Han kjende henne straks, men gat inkje. Daa sa kjøpmannen til gjenta: »Skjenk den mannen ei krus øl.« Men daa ho kom med øle, vilde ikkje han Lars drikka. Daa sa ho: »Drikk, gode mann, eg hev ikkje noko vondt deg gjort.« — »Kjenner du den du skjenker?« spurde kjøpmannen. Ho svara: »Eg kjenner honom nok; det var ikkje bur i buskom laag, men det var nokre djevlar.«

Dei andre fangarne vart sende aat Akershus. Og imillom dei var tri hovdingar, som me veit namne paa.

Den eine heitte Henrik Bryss; han var kaptein. Han fortalde at han hadde fare paa krig i Spania og Holland og Ungarn. Denandre heitte Aleksander Ramsay, han med var kaptein. Den tridje var tolken, ein løtnant heitte Jakob Mannerpange. Han hadde fare vida um og var kjend baade i Sverikje og Danmark.

Daa dei kom aat Akershus, vart dei etter-sedde; sume hadde saar, som ikkje var attgrodde endaa, og sume hadde kulor i kroppen.

Fraa Akershus vart dei sende ned til Danmark.

Dølevisa talar um desse fangarne og segjer til slutt:

De bleve omsider til slottet førd', de lysted' ei her at blive. De kunde ei lide den kost saa haard, som gudbrandsdølen mon give. Her vanker ei mange høns og faar, men lod og krud udi live.

XVIII.

Kong Kristian den 4de hadde fenge fred. Han hadde tvinga svenskekongen til aa gjeva ifraa seg att Nordland og den norske Finnmarki; og 2 millionar krunor hadde han fenge for brye og kostnaden. No kjem radi aat dølom.

Den 3dje september 1613 skreiv han eit gaavebrev til Lars Haagaa paa Lesja og gav honom den garden han budde paa, og endaa ein stor gard til, Landheim paa Dovre.Den same dagen skreiv han gaavebrev til Per Randkleiv i Ringbu og gav honom den garden han budde paa, og ein gard til, Øvre-Gunnstad i Ringbu.

Den same dagen skreiv han gaavebrev til Berdon Segelstad og gav honom Øvre-Segelstadr garden som han budde paa.

Alle desse gardarne hadde vore krungods, kongen hadde aatt dei. — Attpaa dette gav han dei etter mange skattar.

Arne fraa Gunnstad aatte garden sin sjølv. Men han skulde ganga fri for alle skattar so nær som krigsskatt og tiende.

Audon Skjenna fekk til gjevendes ein gard paa Sell, som heiter Hamn. Ætti hans skal sitja der endaa.

Pillar-Gudrid vart helder ikkje gløymd, Bønderne skaut saman og kjøpte ein gard paa Vaagaa, som heitte Rindal, og gav henne den garden. Han vart heitande Pillarviki, og heiter so den dag i dag.

XIX.

Gudrid Kruke miste festarmannen sin. Men ho fekk kniven han vart drepen med. Den kniven gjøymde ho til eit minne. Han hev gjenge fraa ætt til ætt like aat vaare dagar, og— 57 — '

skal vera paa Kruke endaa. Mange hev tykt at han eig ei underleg kraft til aa lindra og lækja sjukdomar, naar dei legg honom paa. Han er tvo spann lang, men ikkje fullt ein turne brei. Han hev ein lang kvass egg paa ein kant, den hin kanten er tjukk. Skafte er berre tri turnar langt, av Strinda bein; ein jarnkruse fremst og ei kringla av jarn og kopar bak. Ein reisande engelsmann saag kniven og sa: »Nett same slags knivarne finst endaa i Skottland; men no er dei for gamle i krig.«

Paa Lunde paa Vaagaa er ein kniv, ei soks og nokre andre smaating; det med skal fru Sinklar hava aatt.

Paa Fjordungrein i Hedalen er ein pung, som er gjord av staaltraadringar, og tvo kruthorn, eit stort og eit lite. Dette skal Sinklar hava aatt.

Skotte-trumma kom aat Ringbu og var der lengje. Men aar 1800 kom ho attende aat Sell, og no skal ho vera paa Melheim. Ho er stor og vid som ei halv sildetunna.

Paa Vik i Kvam — tett frammed der som Sinklar ligg gravlagd — er ein holen jarnstrump, paa lag som ei omnsrøyr; han er halv-tridje spann lang og eit spann tjukk; i eine enden er eit rundt lok med laas paa. Folk trur det er penningskrine hans Sinklar. Det er gjort so at det skal berast paa ryggen i ei reim. Det er mange andre ting og paa Vik, baade sablar og øksar, som folk segjer er att etter skottom.;I vaapenhuse paa Akershus skal det vera 11 gjevær etter skottom, med lange fine pipor og kunstige laas.

Paa Kringheim — ein liten gard nordan for Kringum — finst 4 gjevær; dei er granne og veikgjorde, men lange som ein vaksen kar. Der er 2 kruthorn og, og ei ljossoks av massing. Dette er etter skottom.

Og for 70 aar sidan fann dei uppi bergom, der slage stod, ein kniv, ein spore og morkne folkebein.

XX.

I Kringum, der Sinklar fall, vart det reist eit minne; det var ein endefram trekross. Men i 1733 skulde kong Kristian den 6te gjera ei ferd aat Trondheim; han for upp etter Gudbrandsdalen. Daa var det ein som gjorde ei stor tavla og spikra fast paa krossen; og so skreiv han paa tavla:

»Mod, troskab, tapperhed og hvad der giver ære, »den hele verden kand blandt norske klipper lære. »En prøve er der seet af saadan tapperhed »blandt klipperne i nord, ret just paa dette sted; »et helt bevæbnet corps af nogle hundred skotter »her bleve knusede fast ligesom lerpotter; »de fandt, at tapperhed med troskab og med mod »i gudbrandsdølens brøst i fulde esse stod.»Jørgen von Sinklar som skotternes anfører, »han tænkte ved sig selv, mig her slet ingen rører; »men se, et lidet tal af bønder for ham var, »som hannem dødens bud af krud og kugler bar. *) »— Vor nordiske monark, kong Kristian den sette, »til ære paa hans vei **) vi have opsat dette. »For ham vi rede er at vove blod og liv, »indtil vor aand gaar ud og kroppen lægges stiv.

Den tavla hekk der og brikte ei lang tid. So kom ein engelsmann farande og fekk sjaa henne. Han drog upp pistolen og sette nokre kulor i henne, so ho klovna. No er baade krossen og tavla burte.

Den stytta som no stend vart reist i 1826. Ho er av klæberstein, fem fot høg. Ho er flutt ned aat nyvegen; der stend ho i øvre kanten upp under ein berghamar, — kanskje vel langt imot nord.

Og paa stytta stend:

ERINDRING OM

BØNDERNES TAPPERHED 1612.

*) »Her blev 900 skotter slagen af et mindre tal af 300 »bønder af Lessø, Vaage, Froen og Ringeboe sogne.

"**) »Da kongen i julio (den 15de) allernaadigst behager at »reise her forbi til Trondhjem.— OU -

£/err <5 ™ Har örog or>er fallert ^ap,

Cil ZTorrig fyans Cours monne ftanbe; Blant anfeö faa bloMg en Panöe.

^err ^inflar brog orer Bolgen blaa

^or Srenffe Penge at flriöe; ^ielpe 6tg <Su5! öu risfelig maa

3 ©rccsfet for Zcorömanöen bi6e.XTEaanen fftnner out Hatten bleg, De Dorer faa fagtelig trille: (En f}ar>frue op af Panöet fteeg, £jmt fpaaeöe I}err ^inflar tlöe.

Denö om, pen6 om, 6u Sfotffe XHanöl

Det gielöer öit £ir> faa fage, Kommer öu til Horrig, jeg figer for fan6, Het alörig 6u fomrner tilbage.

£eeb er 6in Sang, öu giftige Crolö!

2Htiöens öu fpaaer om Ulyffer, fanger jeg öig engang i ntin Dolö 3cg laber Mg fyugge i Styver,

^an feileb i Dage, fyan feileö i tre

21Te6 alt fit fyyre&e ^olge, Den fteröe ZTtorgen fyan Horrig mon fee, 3eg r»il 6et iffe foröølge.

Deö Homs6aIs Kyfter fyan ftyreö til £an5

(Erflæren5e fig for en Tfienöe, ^am fulgte ftorten I)un6re5e ZHanö, Som alle fyar>6e onöt i Sinbe,

De ffienMe og brcenöte, fyror 6e 6rog frem,

211 golfere! monne fce frcenfe, (DlMttgeits Ztfmagt rørte ei öem, De fpotteö öen grceöenöe <2rnfe.— 62 — '

Barnet blep örcebt i 2Hoöerens Sfiøö, Saa milöelig 6et enö fntileö;

2Hen Kygtet om öenne 3am ™ er O Kiernen af Canöet ileö.

Baunen lyfte og Buöftiffen lob

^ra <£>ran6e til ncermefte d5ran6e,

Dalens Sonner i Sfiul ei frob

Det maatte ^err ^inflar fanöe.

Solbaten er ube paa Kongens Cog, Pi maae felr> Cartöet forfuare;

^orbanbet ücere bet Hi56ings Drog, Som nu ftt Blo5 r>il fpare!

De Bonöer af Daage, Cesfoe og Com, 21Teö ffarpe Øyer paa Haffe

3 Breöeboigö tilfamntcn fom, 2Heö Sfotten rilbe öe fnaffe.

Ccet unöer £i6e 6er lober en Stie, Som man monne "Kringen falbe,

Caugeit ffynöer fig £>er forbi, 3 öen ffal ^ienöerne falöe.

Giflen fænger ei meer paa Dceg, f)ift figter graabæröeöe ffytte,

Hoffen oplofter fit caaöe Sfieg

Øg center nteö £cengfel fit Bytte.— t>3 —

Det ferftc Sfu6 l}err ^trtflar gjalöt, ^an broleö og opgap fin 2Ianöe;

£jt>er Sfotte raabte, 6a ©berfteit falöt; <5uö frie os af öertne Daanfce!

^rem Bmtöer! ^rem 3 Horffe ZHcenM Slaaet' neö, flaaer tteö for ^oöe!

Da ønffeö fig Sfotten fyient igjen, £>an rar ei ret lyftig til XUoöe.

ZTTeö 6ø6e Kroppe blet> Kringen ftrøeö, De 2?ar>ne fif nof at ceöe;

Det Hngööms Bloö, font fyer u6fIo6, De Sfotffe Piger begræöe.

(Ei nogen leüenöe Siel font fyient,

Som funöe fin Canösntanö fortælle,

i}t)or farligt bet er at beføge bent Der boe blant Horriges ^ielöe.

(£nö fneifer en Støtte paa famnte Steö, Som Icorges Hr>emter mon true.

Dee fyner en Zcor5man6, fom ei bliner fyeeö,. Saa tit fyans Øine 6en ffue!